



Ulukka fann stad i skogkanten øverst på dette biletet, som er teke frå vegen gjennom Musland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ein 65 år gamal mann mann frå Uskedalen omkom ved 14.45-tida sundag ettermiddag ved Musland, då han velta med gravemaskinen sin i ein skogsveg.**



Ulukka skjedde i skogsvegen ovanfor Musland. (Foto: Grenda)

Han var på veg nedover etter vegarbeid oppe i lia då gravemaskinen rulla rundt og han vart liggjande under han. Mannen dreiv maskinstasjon saman med sonen sin. Dei var no i gang med eit storprosjekt - kloakkreinseanlegget i Uskedalen.

Politi, ambulansar, luftambulanse og brannvesen kom svært raskt til ulukkestaden som ligg rett opp for Musland, men dei kunne diverre ikkje gjera noko.

Ulukka vart meldt klokka 14.47 til politiet sin operasjonssentral i Bergen og like etter klokka 15 var hjelpeapparatet på plass.

Mannen blir henta ut frå gravemaskinen i løpet av kvelden.

Politiets ekspertar skal saman med vegtrafikkens ulukkesgruppe granska kva som skjedde og gruppa er undervegs til Uskedalen. Også Arbeidstilsynet er kopla inn då dette blir rekna som ei arbeidsulukke.

Av Ola Matti Mathisen



Politi, brannvesen, ambulansar og luftambulanse rykka raskt ut til Musland. (Foto: Ola Matti Mathisen)